

# ULVIK HERAD

## SAKSPAPIR

### SAKSGANG

Utval	Møtedato	Utvalssak
Heradsstyret	09.09.2015	040/15

Sakshandsamar Præstiin, Lars	Arkiv: K2 - M11	Arkivsaknr 15/67 - 23
---------------------------------	--------------------	--------------------------

### Fråsegn til konsesjonssøknad- Tysso kraftverk

#### Vedlegg:

Fråsegn til konsesjonssøknad for Tysso Kraftverk  
Framlegg til utbyggingsavtale mellom Ulvik herad og Tysso Kraftverk AS

#### Sakstilfang:

Framlegg til utbyggingsavtale mellom Ulvik herad og Tysso Kraftverk AS  
Notat frå Advoaktfirmaet Lund Co DA  
Tysso kraftverk AS, dekning av kostnadar i samband med konsesjonssøknad etter vassressurslova  
Oppdragsbekreftelse Austdøla kraftverk og Tysso kraftverk  
OPPRUSTING AV TYSSO KRAFTVERK I ULVIK HERAD – DEKNING AV UTGIFTER  
Fråsegn til søknad om bygging av Tysso kraftverk - Ulvik  
Kopi: Tysso kraftverk - Orientering om konsesjonssøknad på høring  
Tysso kraftverk-orientering om konsesjonssøknad på høring  
Tysso Kraftverk As - Søknad om løyve til Tysso Kraftverk i Ulvik herad - høring.  
Søknad om konsesjon for bygging av Tysso kraftverk  
Tysso Kraftverk AS - . NVEs referanse: 201102292-9

#### Saksutgreiing:

Tysso kraftverk AS har søkt NVE om konsesjon etter Vassressurslova § 8 for bygging av Tysso kraftverk. Ulvik herad skal gi uttale til søknaden, og har fått utsett uttalefrist til etter HST-møtet 09.09.2015.  
Saka vart handsama i FSK den 26. august, og uttalen som vart gjeve i dette møtet, vart gjeve under føresetnad av at det låg føre ein endeleg utbyggingsavtale før HST- møtet den 9. september.

Tilbod om utbyggingsavtale ligg no føre, og uttalen vert derfor vidaresendt HST for endeleg uttale.

#### Vurdering:

Rådmannen har i sitt arbeid med utbyggingsavtalen hatt som utgangspunkt at dei ulempene Ulvik herad vert påført som fylgje av utbygginga, så langt som mogleg må kompenseras for i form av tiltak langs utbyggingstraseen som kjem bygdefolket til gode. Dei ulike tiltaka i tilbodet er;

- **Betra utforming av inn-/utkjøring til Elvatun**

Røyrtraseen til kraftverket vil gå gjennom delar av den innkjøringa som er der i dag. Ved tilbakeføring skal denne opparbeidast på ein meir trafiksikker måte.

- **Parkeringsplass ved Ulsberg.**

Tysso kraftverk AS skal i den grad det er egna massar, transportera, tippa og planere dei steinmassane som skal til for å kunne opparbeide eit parkeringsareal i dette området. Skulle massane ikkje være tilstrekkeleg egna, eller at det ikkje vært nok overskotsmassar, vil Tysso Kraftverk yte kr. 500 000.- til eit anna kommunalt tiltak i samband med utbygginga.

- **Tursti langs Tysso.**

Det har vore eit ønske at turstien som BKK begynte på frå Mylna og ned mot kraftstasjonen, vert fullført. Tysso kraftverk AS har gjennom avtalen tatt på seg denne oppgåva, og ikkje minst den utfordrande delen forbi sjølve kraftstasjonen.

- **Hurtigladestasjon i Ulvik sentrum.**

Rådmannen har gjennom Hordaland Fylkeskommune fått tilskot til etablering av hurtigladestasjon i Ulvik. Tysso kraftverk AS har gjennom avtalen gitt eit tilskot på kr. 75 000.- til finansieringa av denne hurtigladestasjonen.

- **Damanlegg**

I fall tysso kraftverk as gjennom avtalar eller på annan måte overtek ansvaret for damanlegget på kote 70 frå Hardanger Energi as, forplikter Tysso kraftverk AS seg til å leggja fram planar til heradet for kva som skal skje med damanlegget.

- **Juridisk bistand**

Tysso kraftverk AS dekkar Ulvik herad sine kostnader til juridisk bistand – avgrensa til 50 000.- i samband med det som er omtala i utbyggingsavtalen.

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Under føresetnad av at styret i Tysso Kraftverk AS godkjenner utbyggingsavtalen, tilrår Ulvik herad NVE å gje konsesjon til bygging av Tysso Kraftverk med tilhøyrande koblingsanlegg på fylgjande vilkår:

1. Det bør stillast tydelege krav om minstevassføring og omløpsventil.
2. Det bør gjerast tiltak for å sikre anadromstrekning heilt opp til det naturlege vandringshinder. Ulvik herad er positiv til NJFF sitt innspel om tiltaksplan og klekkeri.
3. Vilkåra for konsesjonen bør kunne takast opp til alminneleg vilkårsrevisjon (etter 30 år).
4. Planar for sanering/vidareføring av den gamle dam på kote 70 og tilhøyrande røyrleidningar bør utarbeidast samtidig med konsesjonshandsaminga.
5. Elveinntaket på kote 237 bør utformast med tanke på vern av naturhistoriske/geologiske fornminne.
6. Røyrtraseen bør revegeterast med tanke på reduksjon av skred- og erosjonsfare.
7. Røyrtrase, tunellpåhogg og koblingsanlegg må utformast slik at det ikkje verker skjemmande i frå

fjorden.

#### **09.09.2015 Heradsstyret**

Sigrun Uppheim bad om å få vurdert gildskapen sin. Faren er grunneigar og har fallrettar i Tysso. Ho vart vurdert ugild i saka.

Carsten Hjeltnes tiltredde som vara.

Bård Fleten bad om å få vurdert gildskapen sin. Han vart vurdert gild i saka.

#### **HST- 040/15 Vedtak:**

##### **Samrøystes vedtak:**

Under føresetnad av at styret i Tysso Kraftverk AS godkjenner utbyggingsavtalen, tilrår Ulvik herad NVE å gje konsesjon til bygging av Tysso Kraftverk med tilhøyrande koblingsanlegg på fylgjande vilkår:

1. Det bør stillast tydelege krav om minstevassføring og omløpsventil.
2. Det bør gjerast tiltak for å sikre anadromstrekning heilt opp til det naturlege vandringshinder. Ulvik herad er positiv til NJFF sitt innspel om tiltaksplan og klekkeri.
3. Vilkåra for konsesjonen bør kunne takast opp til alminneleg vilkårsrevisjon (etter 30 år).
4. Planar for sanering/vidareføring av den gamle dam på kote 70 og tilhøyrande røyrleidningar bør utarbeidast samtidig med konsesjonshandsaminga.
5. Elveinntaket på kote 237 bør utformast med tanke på vern av naturhistoriske/geologiske fornminne.
6. Røyrtraseen bør revegeterast med tanke på reduksjon av skred- og erosjonsfare.
7. Røyrtrase, tunellpåhogg og koblingsanlegg må utformast slik at det ikkje verker skjemmaende i frå fjorden.